

Omtalar av søknadar om tilskot frå statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 74 fartøyvern

| Fartøy  | Søkjar                | Tot.kost  | Søkn.sum  | Tildelt | Tilsagn | Omsøkt tiltak   | Grunngjeving   |
|---------|-----------------------|-----------|-----------|---------|---------|---|--|
| Amy VII | Gunnar W. Ramstad     | 1 499 138 | 391118    | 200 000 |         | Istandsetting av AMY VII.<br>Oppstart/avvikling,<br>Rehabilitering av skrog,<br>Rehabilitering skrog innvendig,<br>Rehabilitering av dekk og<br>vindskjerm, Rehabilitering av<br>rorarrangement og aksling.         | <p>Fritidsfartøyet Amy VII er eit motordrive fritidsfartøy bygd i 1921. Den 10 meter lange racerbåten er bygd i furu, med innreiing og dekk i teak. Med unntak av motor, er båten i original stand. Då arbeidet tok til i haust, vart det oppdaga rust som gjer at bakerste 4 meter av kjøl og hylsekubbe må skiftast. Tiltaka bør i fylgje HFS gjennomførast under eitt.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareføre og ferdigstille prosjekt som er sett i gang med tilskot frå post 74 og arbeid som er finansiert av post 74</li> <li>• Vidareføre prosjekt som legg beslag på slipp eller dokk med</li> </ul>     |
| Atløy   | Veteranbåtlaget Atløy | 1 267 500 | 1 117 500 | 300 000 | 300 000 | Fartøyet skal ha 10-årsklassing 2021 og har fått pålegg om skifte av to plater for å behalda sertifikata. Veteranbåtlaget skal leige inn kompetanse frå Bredalsholmen dokk og fartøyvernsenter til verftet i Florø. | <p>Passasjerfartøyet «Atløy» vart bygd i 1931 av Bergens Mek. Verksted til Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane. Fartøyet er ein god representant for den tidlege lokalrutebåten for gods- og passasjerar. Drifta av «Atløy» er tufta på dugnadsinnsats og lokal velvilje, og laget har ei stor utoverretta verksemد.</p> <p>Tiltaket som er omsøkt gjeld plateskift etter pålegg frå Sjøfartsdirektoratet og elles i tråd med vilkår for tildeling/prioritering</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fartøy som står i fare for å miste sertifikater uten utbedringer</li> <li>• Fartøy med stor frivillig innsats</li> </ul> |
| Axel    | Odd Harald Turøy      | 1 851 550 | 1 781 550 | 190 000 |         | Axel har fått bytt fleire plater i skroget, med det står mykje att. Søknaden skildrar eit stort behov for spant- og plateskift i akterenden, samt historiske tilbakeføringer av rigg og vinsj.                      | <p>Fraktefartøyet «Axel» vart bygd i 1878 av Lindholmens Värv i Göteborg. Frå 1883 har den vore i Noreg, mellom anna som passasjerferje på Moss-Horten. I 1953 vart Axel ombygd til fraktefartøy. Dette er ein av dei få mindre fraktebåtane i stål som framleis finst, og fartøyet er ein god representant for fraktefarten langs norskekysten på 1900-talet. Tiltaket som er omsøkt er vurdert å vere i tråd med vilkår for tildeling/prioritering</p>   |

|          |                       |           |           |      |   |   |   |
|----------|-----------------------|-----------|-----------|------|---|---|---|
|          |                       |           |           |      |   |   | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareføre og ferdigstille prosjekt som er sett i gang med tilskot frå post 74</li> <li>• Fartøy som står i fare for å miste sertifikat utan utbetingar</li> </ul> |
| Brand VI | Åge Hjortland         | 1 390 830 | 1 197 500 | 0    | Kopiere det originale roret. Montere nye mahogniplankar i botn og spunse og /eller luse dei resterande plankane for å få eit tett og sterkt skrog. Skifte stål- og trespant i bunnen av båten. Ny kjøl og akterstevn. Kjøl og stevn.        | "Brand VI" vart bygd av Johan Anker i 1921 som topp moderne internasjonal regattabåt i 8-meter klassen. I 1923 kom båten til Bergen og har sidan vore del av seglmiljøet der. Den kjende Bergensarkitekten F. Konow Lund er ein av fleire prominente tidlegare eigarar. Brand VI fekk vernestatus i 2020, då båten er i nær opprinnelag stand og einaste attverande av sitt slag. Denne kategorien båtar er lite representerte i verneflåten. Følgande tiltak er ikkje prioritert i 2021: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilbakeføringer eller endringar som ikkje er del av allereie igangsette tiltak</li> <li>• Igangsetting av nye prosjekt</li> <li>• Igangsetting av prosjekt utan tilstrekkeleg tilstandsvurdering, restaureringsplan og prisestimat</li> </ul> Fylkeskommunen har gjort ei streng prioritering ved fordeling av tilskot og ikkje funne rom for tildeling i denne søknadsrunden. |   |
| Dokken   | Opsangervågen kystlag | 716 000   | 665 000   | 0    | Demontering av overbygg. Demontering av motor/motorarrangement. Demontering innreiing, dørkar, benkar, skott osb. Fjerning av støypt ballast. Utskifting av spant. Gjenoppbygging av ny baug. Avfallshandtering. Dokumentasjon av fartøyet. | Passasjerfartøyet «Dokken» blei bygd ved Gravdal Skipsbyggeri i 1937. Fram til Puddefjordsbroen vart opna i 1956, frakta «Dokken» og søsterskipet «Frydenbø» passasjerar mellom Dokken i Bergen og Frydenbø på Laksevågsida.<br>Følgande tiltak er ikkje prioritert i 2021: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Igangsetting av prosjekt utan tilstrekkeleg tilstandsvurdering, restaureringsplan og prisestimat</li> </ul> Fylkeskommunen har gjort ei streng prioritering ved fordeling av tilskot og ikkje funne rom for tildeling i denne søknadsrunden.   |   |
| Eitrheim | Jan Helge Oppedal     | 774 400   | 774 400   | 7500 | Forsikring under opplag.  | M/K «Eitrheim» representerer ein type samferdsel som var viktig for industrien i Odda og området rundt. Typemessig representerer fartøyet   |   |

|       |                                    |         |         |         |   |  |
|-------|------------------------------------|---------|---------|---------|---|--|
|       |                                    |         |         |         | Førebuande arbeid for restaurering samt utarbeiding av restaureringsplan. Førebuande arbeid for restaurering .  | også dei mindre bygderutebåtane som var talrike i mellomkrigstida, men som det finnes få att av i dag. Fartøyet ligg i nødhamn ved Hardanger Fartøyvernsenter. Eitrheim får stønad over post 75 til slippsetjing og arbeid med THD i 2021. Med tilskot for 2021 vil fylkeskommunen bidra til sikkert opplag for "Eitrheim" ved fartøyvernsenteret i Hardanger. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Mellombels sikring mot tap av kulturminne</li> </ul>   |
| Erkna | Atle Audun Remøy                   | 334 850 | 334 850 | 50 000  | Slippsetting og UV scanning. Sveising og reparasjon. Sveising i skrog grunna lekkasjar. Forsikringsselskapa treng dokumentasjon av skrog/under-vasskrog før ny forsikring kan teiknast. | Fiskefartøyet «Erkna» blei bygd i 1907 ved Ålesund Mek. Verksted. Fartøyet blei bygd som eit fiskedampskip og vart brukt til banklinefiske, og seinare håbrannfiske, brugdefiske og fangst av småkval i Norskehavet, Nordsjøen, Barentshavet og rundt Svalbard. Under andre verdskrig blei «Erkna» brukt som Shetlandsbåt. Tiltaket som er omsøkt - ultralydscanning av skroget er vurdert å vere i tråd med vilkår for tildeling/prioritering <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fartøy som står i fare for å miste sertifikat utan utbetringar</li> </ul>                    |
| Faun  | Stiftinga Hardanger og Voss museum | 283 260 | 250 000 | 0       | Normalt vedlikehald av Faun.  | Faun er eit restaurert fritids/lystfartøy som vart bygd til son av Chr. Michelsen i 1916. Seinare lystfartøy for andre bergenske reiarar og forretningsmenn. Omsøkte tiltak dette i denne søknadsrunden er stort sett vedlikehaldsoppgåver.<br><br>Fylkeskommunen har gjort ei streng prioritering ved fordeling av tilskot og ikkje funne rom for tildeling i denne søknadsrunden.  |
| Feie  | Bergen seilskøyte-klubb            | 686 663 | 523 663 | 150 000 | Veiledning fra Hardanger fartøyvernsenter frem til ferdigstillelse. Beslag til rigg lages av smed jf. restaureringsplan. Montere motor.   | «Feie» er redningsskøyte nr. 4 teikna og bygd ved Colin Archers verft, Larvik, i 1893. Fartøyet blei bygd for den lokale redningsforeningen Bergen Krets, som ein av dei første redningsskøyte til Norsk Selskab til Skibbrudnes Redning – i dag kjent som Redningsselskapet. «Feie» er i dag ein representant for første generasjon av redningsskøyter og har ein stor lokal- og regionalhistorisk verdi då fartøyet var den første redningsskøyta i sin region. Vi legg vekt på at prosjektet har stor allmenn interesse og tiltaket representerer verdifull kompetanseoverføring. |

|              |                                    |           |           |           |           |   |
|--------------|------------------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|---|
|              |                                    |           |           |           |           | Tiltaket som er omsøkt er vurdert å vere i tråd med vilkår for tildeling/prioritering <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareføre og ferdigstille prosjekt som er sett i gang med tilskot fra post 74</li> <li>• Fartøy med stor frivillig innsats</li> </ul>   |
| Folgefonn    | Stiftinga Hardanger og Voss museum | 6 495 069 | 6 495 069 | 1 900 000 | 1 400 000 | Fortsette med restaurering og utbedringer av skrog, samt overhaling av motordeler. Arbeidet med utskifting av hudplater og spant hastar då fartøyet legg beslag på dokk-kapasiteten hjå Bredalsholmen Fartøyvernsenter.   |
| Gamle Nyborg | Asgeir Larsen                      | 2 828 055 | 2 828 055 | 200 000   | 100 000   | Utskifting av stålplater i skrog og innvendige skott. Skifte av stål rundt botnventilar og reparasjon av vasstette skott.   |
| Granvin      | Veteranskips laget fjordabåten     | 6500 000  | 6 400 000 | 1 800 000 | 700 000   | M/S «Granvin» blei levert frå Mjellem & Karlsen i 1931 til Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap (HSD) som bilførande lokalfartøy. Den var fyrste ferja i det viktige riksvegsambandet mellom Aust - og Vestlandet gjennom indre Hardanger. Tiltaka som er omsøkt er vurdert å vere i tråd med vilkår for tildeling/prioritering <ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeidet med reparasjon av skroget er starta med tilskot frå Post 74 og det er no viktig å få fartøyet på sjø og i drift</li> <li>• Fartøy med stor frivillig innsats</li> </ul> |

|               |                               |           |           |         |   |   |
|---------------|-------------------------------|-----------|-----------|---------|---|---|
|               |                               |           |           |         |   | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fartøyet er freda</li> </ul>   |
| Hardingen sr. | Vestlandske trafikk AS        | 3 215 000 | 3 215 000 | 0       | Utskifting av rennesteiner og lensebrønner. Utskifting av tanktopp. Utskifting av stål i hovuddekk. Opplagskostnader inntil videre bruk av fartøyet blir avklart. | <p>Bilferja M/F «Hardingen sr.» blei bygd i 1966 av Ankerløkken verft i Florø til Det Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap (HSD). Som ny var «Hardingen» sertifisert for å frakte 45 biler og 450 passasjerar. Ferja kan ha vore den første norske ferja som blei levert med hydraulisk løftebaug. Etter 35 år i HSD si teneste vart Hardingen sold til Italia i 1991. I 2016 kom Hardingen sr. heim att og har vore i drift som turistferje. No har ferja heimehamn i Kristiansund, og er utan formell vernestatus etter eigarskifte i 2020.</p> <p>Følgande tiltak er ikkje prioritert i 2021:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilbakeføringer eller endringar som ikkje er del av allereie igangsette tiltak</li> <li>• Igangsetting av nye prosjekt</li> </ul> <p>Fylkeskommunen har gjort ei streng prioritering ved fordeling av tilskot og ikkje funne rom for tildeling i denne søknadsrunden.</p> |
| Haugefisk     | Kystmuseet i Sogn og Fjordane | 948 000   | 200 000   | 150 000 | Vøle skipparlugar, bad/toalett i tilknyting til denne og dørk i lugarområde på nedre dekk.  | <p>Fiskefartøyet «Haugefisk» blei bygd i 1978 på Nordtvedt skipsbyggeri, Fusa. Fartøyet på 105 fot var ein fyrstegenerasjons autolinebåt og vart nytta til havfiske fram til 2005. Haugefisk er i original stand og er den einaste i verneflåten som representerer moderne havfiske. Fartøyet vert nytta til formidlingsaktivitet i regi av venelag og kystmuseet i Florø.</p> <p>Tiltaket som er omsøkt er vurdert å vere i tråd med vilkår for tildeling/prioritering</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareføre og ferdigstille prosjekt som er sett i gang med tilskot frå post 74</li> <li>• Fartøy med stor frivillig innsats</li> </ul>   |
| Levang        | Langholmen transport AS       | 144 863   | 124 863   | 0       | Slippsetjing og skifte av kjølboltar. Skifte dekksplank. Skifte skansekleddning material fure og råteskade på   | <p>Treferja MF «Levang» blei bygd ved Moen &amp; Sønner båtbyggeri i Risør i 1949. Ferja har ein sjeldan og norskprodusert motor av typen Moss Diesel. MF Levang gjekk i rute i Kragerøskjærgården fram til 1985. Etter den tid har Levang hatt heimehamn på Sotra. I 1994 fekk ferja på nytt passasjersertifikat, og har vore nytta i slik trafikk og turkøyring i</p>   |

|          |                                      |           |           |         |   |   |   |
|----------|--------------------------------------|-----------|-----------|---------|---|---|---|
|          |                                      |           |           |         |   | rekkestøtter eik. Innkjøp avfuktere.  | Bergensområdet. Fartøyet er i drift, er i teknisk god stand og utan pålegg fra skipskontrollen.<br><br>Fylkeskommunen har gjort ei streng prioritering ved fordeling av tilskot og ikkje funne rom for tildeling i denne søknadsrunden.   |
| Lindenes | Veteranbåtlaget MS Lindenes          | 4 000 000 | 3 954 600 | 700 000 | 0 | Utskifting av bestikkdekket. Ankerarrangementet heng tett saman med fordekket, og bør takast i samanheng med nytt fordekk og nedgangskappe. Akterenden er råteangrepet og treng utbetring for å sikre fartøyet. | <p>Passasjerfartøyet M/S «Lindenes» vart levert frå Nordtveit Båtbyggeri i 1943 som 73 fots passasjerbåt. Fartøyet vart brukt i arbeidsruter mellom Odda sentrum og bedrifta "Det Norske Zinkkompani" fram til 1976. I 2015 blei «Lindenes» kjøpt tilbake til Odda. Den historiske tilknytinga til industristaden gjer «Lindenes» særleg interessant. «Lindenes» har passasjersertifikat for 100 pax. Fartøyet har fleire pålegg frå Sjøfartsdirektoratet om å tette lekkasje ned i salong. Tiltaket med utbetring av råteskader i akterenden er å forstå som eit strakstiltak som må utbetra før sesongstart.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Fartøy som står i fare for å miste sertifikat utan utbetringar</li> </ul>   |
| Markol V | Bergen kommunale kystkultursenter AS | 5 960 125 | 5 960 125 | 0       |   | Totalrestaurering av Markol V.  | <p>Fraktefartøyet «Markol V» blei bygd i 1959 på Løfallstrand for Tran-Martens. «Markol V» er ein kravellbygd kryssar i tre og representerer siste generasjons føringssbåt; ein kombinasjon av slepebåt og lekter. Føringssbåtane var ein sentral del av infrastrukturen i Bergen hamn frå motoriseringa rundt år 1910-1915, til tidleg på 1970-talet. Fartøyet er på 50 fot og er i tilnærma original stand. Fartøyet er tatt ut av drift for fleire år sidan, og ligg i opplag ved Hardanger fartøyvernsenter. Følgande tiltak er ikkje prioritert i 2021:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Tilbakeføringar eller endringar som ikkje er del av allereie igangsette tiltak</li> <li>Igangsetting av nye prosjekt</li> </ul> <p>Fylkeskommunen har difor gjort ei streng prioritering ved fordeling av tilskot og ikkje funne rom for tildeling i denne søknadsrunden.</p> |

|             |   |           |         |         |  |   |
|-------------|---|-----------|---------|---------|--|---|
| Mathilde    | Stiftinga Hardanger og Voss museum      | 1 982 331 | 826 000 | 280 000 | Ferdigstille arbeid med råteskader i hekk og stemn. Smi nye beslag til riggen og trearbeid knytt til riggen. Fornying av deler av den stående riggen til Mathilde. | S/J «Mathilde» er ei hardangerjakt som vart bygd i 1884 i Ølve. Jakta gjekk i rute til Lofoten der ho kjøpte skrei som vart salta og tørka før han vart seld til Bergen. Fartøyet gjekk i fraktfart fram til 1982. Etter at ho vart ferdig restaurert i 1989 har ho drive omfattande formidling av fraktfarten. Drift av leirskule om bord set særlege krav til sikkerheit, og til prosesjon i utbetringsarbeidet. Istandsettinga av Mathilde er påbegynt og riksantikvaren har støtta tiltaket med 1,8 million. Søknaden som her er vurdert kjem i tillegg då istandsettingsarbeidet er omfattande. Tiltaket som er omsøkt er vurdert å vere i tråd med vilkår for tildeling/prioritering <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareføre og ferdigstille prosjekt som er sett i gang med tilskot frå post 74</li> </ul> |
| Midhordland | Det Midhordlandske Dampsksibsselskap AS | 405 000   | 405 000 | 150 000 | Reparasjon av dekk grunna lekkasje ned i passasjersalong. Arrangement for vintertildekking på øvre og fremre dekk.   | Passasjerfartøyet «Midhordland» blei bygd i 1947 ved Stord Stålskipsbyggeri for Det Midhordlandske Dampsksibsselskap. Fartøyet på 126 fot vart sett inn i lokalrutetrafikken mellom Bergen og bygdene sør for Bergen. Frå 1970 til slutten av 1980-talet var fartøyet i utlandet. I 1996 vart Midhordland tilbakeført til original utsjänad og vert i dag nytta til charterturar på Vestlandet. «Midhordland» er ein god representant for rutebåtar av sjøbusstypen. Fartøyet er i drift, alle sertifikat inntakt, årleg godkjenning av Sjøfartsdirektoratet. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareføre og ferdigstille prosjekt som er sett i gang med tilskot frå post 74</li> <li>• Fartøy med stor frivillig innsats</li> </ul>   |
| Oster       | Nordhordland veteranbåtlag              | 1 280 000 | 200 000 | 150 000 | Istandsetting / utskifting av råteskada panel i brufront og råteskade i bruvingdekk. Vidare råteskade i båtdekk på begge sider av styrehus og akterover.           | Passasjerfartøyet D/S «Oster» vart bygd i 1908 ved Christianssands Mek. Værksted. «Oster» var ein god isbrytar og var den første fjordabåten i Bergen med elektrisk belysning. I 1964 gikk «Oster» ut av rutefarten, og blei ombygd til frakteskip. Igangsett arbeid med brupanel og bruvenger avdekka og råteskader i båtdekket frå bruvenger og akterover. Sidan fartøyet likevel ligg på verft er det prioritert vidareføring av dette tiltaket. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareføre og ferdigstille prosjekter som er igangsatt med tilskudd fra post 74</li> <li>• Fartøy med stor frivillig innsats</li> </ul>  |

|                          |                               |              |           |         |         |  |   |
|--------------------------|-------------------------------|--------------|-----------|---------|---------|--|---|
|                          |                               |              |           |         |         |  |   |
| Quest                    | Ståle Eikeland                | 133 500      | 83 500    | 0       |         | Fartøyet er i god stand men det er noko hudplank som må skiftast. Lekkasje på dieseltank kom akutt på seinsommaren og er mellombels tetta.                                       | <p>Agentbåten M/B «Quest» blei bygd i 1944 som «Hansa II» ved Lundes Båtbyggeri som reisende båt til A/S Hansa Bryggeri i Bergen. Av dei få agentbåtane som framleis finst er «Quest» truleg den som er minst endra. Tilskotsmidlane på post 74 dekker kun ein mindre del av årets samla søknadssum.</p> <p>Fylkeskommunen har difor gjort ei streng prioritering ved fordeling av tilskot og ikkje funne rom for tildeling i denne søknadsrunden.</p>  |
| Sjødampsprøite 1 (Bjørn) | Bergen brannkorps Historielag | 3 076<br>300 | 1 800 000 | 100 000 | 200 000 | Utskifting av hudplater / strekkplater / rennestein /spant.  | <p>Sjødampsprøite 1 er eit jernskip levert frå Bergens Mek. Værksted som byggenummer 3 i 1866 til Bergen Dampbaadelag. I 1873 vart skipet ombygd til «Damsprøite I» for Bergen Brandvæsen. Skipet deltok mellom anna i sløkkingsarbeidet under Bergensbrannen i 1916 og brannen på Bryggen i 1955. Fartøyet har stor allmenn interesse og søker aktivt midlar også frå andre tilskotsordningar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Videreføre og ferdigstille prosjekter som er igangsatt med tilskudd fra post 74</li> <li>• Fartøy med stor frivillig innsats</li> </ul>  |
| Sjøgutt                  | Terje Midtun                  | 914 062      | 850 000   | 500 000 | 230 000 | Reparasjon av undervasskrog akter og hekken på grunn store lekkasjar og forvitring av trekonstruksjonar. Det er sett i verk tiltak for å sikre fartøyet, som no er ute av drift. | <p>Fiskefartøyet M/K «Sjøgutt» blei bygd i 1921 i Mauranger. Opprinnelig blei fartøyet bygd som kutter på 35 fot med namnet «Symra». Fartøyet blei i 1954 total ombygd, - kun botn og ein del spant, samt motoren, ein Stabilmotor 8 Hk stod igjen. Store lekkasjar i skroget grunna dårlig materiale kvalitet har medført mange slippsetjingar. Motoren er sendt til overhaling (støtta av Kulturminnefondet) og det er difor viktig å synkronisere arbeidet slik at hudplank og spant i hekken og under maskin blir skifta og forsterka.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Videreføre og ferdigstille prosjekter som er igangsatt med tilskudd fra post 74</li> <li>• Videreføre prosjekter som beslaglegg slipp eller dokk med arbeid som er finansiert av post 74</li> </ul> |

|            |                                |           |           |         |         |  |
|------------|--------------------------------|-----------|-----------|---------|---------|--|
|            |                                |           |           |         |         |  |
| Skånevik   | Ferjelaget Skånevik            | 1 183 875 | 1 183 875 | 250 000 |         | <p>Generelt ein god del rustskader som og vil medføre utskifting av stål. Vidare er det behov for å sandblåse og overflatebehandle begge skutesider heile vegen over vasslinja og opp til båtdekk, samt front på salong under styrehus og feltet under rekka bak på promenadedekk.</p>   |
|            |                                |           |           |         |         | <p>M/F «Skånevik» blei levert frå Ulstein Mek. Verkstad til Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap (HSD) i 1967. Dette var blant dei siste såkalla turistferjene som rederia sjølv fekk utforma før vegdirektoratet sine «standard riksvegerjer» vart enerådande.<br/>Med tilskotet for 2021 ønsker fylkeskommunen å bidra til at fartøyet kan oppretthalde sertifikat og dermed også drift.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilskotet er viktig for å gjennomføre tiltak nødvendig for å oppretthalde sertifikat</li> <li>• Fartøyet er freda</li> </ul>   |
| Solundir   | Vetranbåtlaget Atløy           | 432 137   | 432 137   | 80 000  |         | <p>Fartøyet er ikkje sertifisert, og manglar innreiing. Motorane er truleg ok. Vindu i aktersalong, midskipsoverbygg og styrehus + ventilar i maskinrom er ikkje tette, og det er mykje væte om bord.</p> <p>Passasjerfartøyet «Solundir» blei bygd i 1972 ved Westermoen Hydrofoil for Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane. Fartøyet på 75 fot, var bygget i aluminium og blei sett inn i ruta Solund- Bergen. Som eit bidrag til sikring og for å gje involverte partar moglegheit til å finne løysingar for vidare vern, innvilgar fylkeskommunen tilskot til sikring og opplag for «Solundir» i 2021.<br/>Søknaden har vektlagt:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fartøyets verneverdi og representativitet</li> <li>• Hindre tap av kulturminne</li> </ul> |
| Stangfjord | Veteranbåtlaget M/S Stangfjord | 1 499 960 | 1 499 960 | 100 000 | 120 000 | <p>Div. innreiingsarbeid og generell ferdigstilling av fartøyet.</p> <p>M/S «Stangfjord» er ein kryssar i tre, bygd i 1933 ved Edv. Løvfalds Skipsbyggeri på Løfallstrand. Arbeid med skroget blei ferdigstilt i 2016 ved Hardanger fartøyvernsenter, og motoren har i seinare år vore til omfattande restaurering ved Nordnorsk Fartøyvernsenter og Båtmuseum i Gratangen. Tilskotet er, saman med overførte midlar frå 2020 eit godt steg vidare. Det er og gjeve tilsegn for 2022, for å vidareføre istandsettinga fram mot sesongen 2022.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareføre og ferdigstille prosjekter som er igangsatt med tilskudd fra post 74</li> <li>• Fartøy med stor frivillig innsats</li> </ul>                                       |

|              |                            |           |           |           |         |  |  |
|--------------|----------------------------|-----------|-----------|-----------|---------|--|--|
| Stavenes     | Veteranskipslaget Stavenes | 5 767 060 | 5 217 060 | 1 000 000 | 150 000 | Fjerne dårleg stål i skrog. Spant, doblingsplater og hudplater iflg rapport og inspeksjon.<br>Montere nytt stål, spant og hudplater. Montere nye ko-auge på begge sider. Prefabrikkere/ montere innvendige lyskasser<br>Montere luftekanalar frå lyrene på bakken. Vannblåsing/ maling | D/S «Stavenes» vart levert frå Bergens Mek. Verksted i 1904 til Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane, som er Norges eldste lokalskipssrederi stifta i 1858. Fartøyet er verna som døme på dei eldre dampdrivne lokalskipa med halvdekk.<br>Med tilskotet for 2021 vil fylkeskommune bidra til å vidareføre arbeidet som er sett i gang for å få «Stavenes» sett i stand og i drift. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Videreføre og ferdigstille prosjekter som er igangsatt med tilskudd fra post 74</li> <li>• Fartøy med stor frivillig innsats</li> </ul> |
| Stord I      | Stiftelsen D/S Stord 1     | 390 019   | 327 019   | 200 000   | 100 000 | Tetting av lekkasje i skroget samt klassing av kran og brannslokkingasanlegg i maskinrom etter pålegg.   | D/S «Stord I» blei levert frå Laxevaag Maskin & Jernskibsbyggeri til Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap (HSD) i 1913. Skipet ble sett inn i selskapet sine lengre ruter, m.a. Dagrunen mellom Bergen og Stavanger, Sunnhordland snøggrute og Odda-ruta.<br>Tiltaket som er omsøkt er vurdert å vere i tråd med vilkår for tildeling/prioritering <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fartøy som står i fare for å miste sertifikater uten utbedringer</li> <li>• Fartøy med stor frivillig innsats</li> </ul>                                       |
| Sunnhordland | HSD Sunnhordland AS        | 2 900 000 | 2 900 000 | 1 200 000 |         | Skipet er pålagt av Sjøfartsdirektoratet å skifte stålplater og spant i skutesida, pga. av rust, som er avdekka med hjelp av tjuknemålingar. Jobben må vera gjort innan utgangen av februar 2021, og er difor sett i gang før vedtak om tildeling er fatta.                            | Langrutebåten «Sunnhordland» blei bygd som ubåtjeger til United States Navy i 1943. I 1947 vart fartøyet kjøpt av Hardanger Sunnhordlanske Dampskipsselskap (HSD) og ombygd til langruteskip.<br>“Sunnhordland” får øyremerka tilskot i tråd med ekstraløying i statsbudsjettet over post 74. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Videreføre og ferdigstille prosjekter som er igangsatt med tilskudd fra post 74</li> <li>• Fartøy som står i fare for å miste sertifikater uten utbedringer</li> <li>• Fartøy med stor frivillig innsats</li> </ul>       |
| Svanhild     | Stiftinga Svanhild         | 300 000   | 200 000   | 80 000    |         | Utskifting av hovudmast for å kunne segle utan risiko for personell og materiell.  | Fraktefartøyet «Svanhild» vart bygd i 1889 i Stangvik i Surnadal. Fartøyet på 75 fot var opprinnelleg rigga som jakt, men vart seinare rigga om til galeas (to master). Skuta gjekk i fraktefart, hovudsakleg med fisk og salt   |

|         |                       |           |           |         |  |  |   |
|---------|-----------------------|-----------|-----------|---------|--|--|---|
|         |                       |           |           |         |  |  | mellan Kristiansund og Lofoten. Fartøyet har stor formidlingsaktivitet for medseglarar og passasjerar.<br>Vestland fylkeskommune tilrår støtte som saman med overført løyving frå 2020 på 100.000,- vil gje eit monaleg bidrag. <ul style="list-style-type: none"><li>• Fartøy som står i fare for å miste sertifikater uten utbedringer</li></ul>  |
| Tysnes  | Geir Røssland         | 1 980 000 | 950 000   | 0       | Installering av hovudmotor, legging av dekk og utskifting av hudplater i lasterom.       |  | Passasjerfartøyet «Tysnes» ble bygget i 1930 ved verftet Mjellem & Karlsen i Bergen for Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap (HSD). Fartøyet på 82 fot ble til 1963 brukt som passasjer-, vare- og bilfrakt i Sunnhordaland. Fylkeskommunen har ikkje funne rom for å gje tilskot i denne søknadsrunden.<br><br>Fylkeskommunen har ikkje funne rom for å kunne gje støtte til dette fartøyet i denne søknadsrunden.   |
| Tyssø   | Kraftmuseet           | 121 080   | 96 908    | 13 500  | Fleire mindre tiltak som går på vedlikehald og reparasjon. Sertifisering av flåtar.      |  | M/Y Tyssø vart bygd i 1917 av Oma Baatbyggeri på Stord. Ho vart kjøpt av Glomfjord Smelteverk i 1918. Industri verksemndene i Odda/Tyssedal kjøpte båten i 1923 og Kraftmuseet overtok fartøyet i 2004, og i 2005 starta restaureringa ved Hardanger fartøyvernsenter. Fylkeskommunen tilrår tilskot til sertifisering av flåte for å unngå tap av sertifikat. <ul style="list-style-type: none"><li>• Fartøy som står i fare for å miste sertifikater uten utbedringer</li></ul> |
| Vaarsol | Opsangervågen Kystlag | 306 913   | 256 913   | 0       | Skifte ut ein del dekksplank og bjelkar, grunna råteskade. Skifte karm/ramme i lukekarm. |  | Fiskefartøyet M/S «Vaarsol» blei bygd i 1920 ved Skåluren Skipsbyggeri i Rosendal til brødrene Skavhellen i Fana. Frå 1920 - 2008 blei «Vaarsol» Nytta til kystfiske. «Vaarsol» er eit godt døme på dei mange mindre kutterane som var sentrale i oppbygginga av ein moderne motorisert kystfiskeflåte i overgangen frå tradisjonelt sesongfiske og heilårsfiske.<br><br>Fylkeskommunen har ikkje funne rom for å kunne gje støtte til dette fartøyet i denne søknadsrunden.      |
| Vestgar | Øygardsbåtane AS      | 2 922 862 | 2 922 862 | 500 000 | Utskifting av nedre fenderlist og stålplater i skuteside                                 |  | M/S «Vestgar» blei levert frå Høivold Mek. Verkstad til Øygardsbaatane som byggenummer 12 i 1957. Skipet er ein god representant for  |

|            |                                    |        |        |                   |   |  |
|------------|------------------------------------|--------|--------|-------------------|---|--|
|            |                                    |        |        |                   | /rennestein. Nødvendig med demontering / remontering av bakanforliggende innreiing.   | <p>etterkrigstidas «sjøbussar». Skipet har allmenn interesse og er tilgjengeleg for ålmenta. Eigarorganisasjonen syner økonomisk gjennomføringsvilje og – evne. Det er stort lokalt engasjement kring skipet med dugnadsinnsats og det har lokal/regional finansiering</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Freda fartøy</li> <li>• Vidareføre og ferdigstille prosjekt som er igangsatt med tilskot frå post 74</li> <li>• Fartøy som står i fare for å miste sertifikat utan utbetingar</li> <li>• Fartøy med stor frivillig innsats</li> </ul>    |
| Vikingen   | Stiftinga Hardanger og Voss museum | 428546 | 380000 | 0                 | Vedlikehald av overflater, utskifting av slitedeler i maskin og utskifting av wire og tauverk i riggen.   | <p>MK Vikingen er ein fin representant for hardangerkutterane. Fartøyet vart nytta han som fiskebåt på heile kysten frå Rogaland til Finnmark. 1941 gjekk Vikingen til Shetland med seks mann. Etter krigen vart Vikingen brukt til fiske fram til 1978.</p> <p>Fylkeskommunen har ikkje funne rom for å kunne gje støtte til dette fartøyet i denne søknadsrunden.</p>  |
| Vulcanus   | Vulcanus Taubåtkompani             | 350000 | 200000 | 149 000           | Fartøyet har pr dato ingen pålegg, men skal seinast i april 2021 ha hovudklassing. Det inneber m.a. trekking av både ror og propellaksling og det skal i tillegg gjennomførast måling av platetjukne i skroget. | <p>Slepefartøyet «Vulcanus» blei bygd i 1959 ved Bolsønes Verft i Molde til det Bergenske Dampskipsselskap. «Vulcanus» og søsterskipet «Titan», som blei levert året før, representerte ei fornying av selskapet si flåte av slepebåter.</p> <p>Søknaden beskriv 5 års klassing der kostnaden er stipulert til 350.000,-tufta på erfaringstal.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareføre og ferdigstille prosjekt som er igangsatt med tilskot frå post 74</li> <li>• Fartøy som står i fare for å miste sertifikat utan utbetingar</li> </ul> |
| <b>SUM</b> |                                    |        |        | <b>10 400 000</b> | <b>3 500 000</b>  |  |